



Byggmester Ingvar Soltvedt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2207 - 16/7468

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

15.04.2016

## Avslag GBNR 15/6 - Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel

**Administrativt vedtak. Saknr: 96/2016**

### Saksutgreiing:

Meland kommune viser til søknad datert 29.03.2016 om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel frå kommunal veg 18, Hopland, til gnr 15 bnr 6.

Den aktuelle eigedomen er i kommuneplanens arealdel avsett til LNFR-spreidd bustad område SB\_2.

### Vurdering:

Meland kommune skal i si vurdering leggje vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det skal gjerast ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølv avkøyrselestadene også må takast omsyn til avkøyrsele sett i forhold til andre avkøyrsele og omsynet til mjuke trafikkantar. Sentralt her er forholdet til krysset mellom FV 247 og FV 564, Holmekrysset, som manglar planskilt kryssing. Krysset er spesielt viktig fordi det er skuleveg.

Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel er ein del av ei byggesak på gnr 15 bnr 6 om oppføring av tomannsbustad(er) på eigedomen. Kommunen har i skriv av 01.12.2015 kome med merknader til søknaden. Punkt 3 i skrivet omhandlar vegtilkomst til eigedomen og forholdet til kommuneplanen. Her er det spesielt nemnt at sjølv om rekkefølgekrav om utbetring av Holmekrysset ikkje kan handhevast direkte ovanfor SB\_2, er dette ei utilsikta konsekvens av ordlyden i føresegnene. Kommunen held no på med å revidere planføresegna i kommuneplanen, og i denne revisjonen vil SB\_2 bli underlagt det same kravet til utbetring

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

av Holmekrysset som bustadområdet B\_10. Det var dette som var tilsikta gjennom arbeidet med kommuneplanen, og som var bakgrunnen for at regionale instansar ikkje fremma motsegn mot spreidd-område SB\_2.

I nemnde skriv av 01.12.15 har kommunen òg kome med følgjande opplysning om kva søkjar kan venta i den vidare saksbehandlinga av avkjørselen etter veglova:

*Ved ein søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg må det like fullt påreknast at kommunen vil leggje vekt på dei same omsyn til trafikktrykkleik som dei som vart meint tatt i vare gjennom KPA, særleg med omsyn til skuleveg for framtidige bebuarar nord for Holmekrysset og kryssing av fylkesveg på fritid til både busstopp og områda sør for fylkesvegen.*

Av omsyn til trafikktryggleiken i Holmekrysset vil ikkje administrasjonen tillate utvida bruk av avkjørsel til gnr 15 bnr 6. To nye bustadeiningar vil innebere meir trafikk og dermed auka ulykkesrisiko i området. Like viktig er det at godkjenning av utvida bruk i føreliggjande sak vil skape presedens i liknande saker, samt vere i konflikt med den pågåande revisjon av føresegnene til kommuneplanen og Statens vegvesen si vurdering av avkjørselssaker i området.

Kommunen er opptatt av å behandle like saker likt. Kommunen har difor i alle saker – omsøkt etter vedtaking av ny kommuneplan – avslått søknader om tiltak som vil innebere trafikkauke (utvida bruk) på den aktuelle strekninga og i Holmekrysset. Mellom anna søknad om bruksendring frå fritids- til heilårsbustad på gbnr 12/10 (vedtaket er påklaga), samt gjennom negativ uttale til søknad om dispensasjon for bustadoppføring på gbnr 12/35 (avslutta utan realitetsbehandling).

Når planskilt kryssing i Holmekrysset er på plass vil resultatet av ein ny søknad kunne bli annleis. Ny søknad må vere fullstendig og innehelde kart som viser tilfredsstillande siktsoner, fall og svingradius på avkjørsla jf. forskrift om avkjørsler fra offentlig veg.

## **Vedtak**

«Meland kommune avslår i medhald av veglova §§ 40 og 43 utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg på gnr 15 bnr 6. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.»

## **Om klage**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslovas reglar om klage. Frist for å klage er tre - 3- uker frå det tidspunktet underretning av vedtaket er kome frem. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen v/PUK som vil vurdere saka på ny på bakgrunn av klaga. Dersom PUK opprettheld sitt vedtak vil klagesaka bli oversendt Klagenemnden i Meland kommune.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tore Johan Erstad

**Mottakere:**

Byggmester Ingvar Soltvedt